

# Reparasjon av avløpsledning ved E39

*Del 1: Konkurranseskriving*



# 1 INNBYDINGA

Volda kommune inviterer med dette til å levere tilbud på konkurransen "Reparasjon av avløpsledning ved E39".

## 1.1 Kort om anskaffinga

Det skal gjennomførast utskifting av avløpsledning og kum ved krysset E39/Gamlevegen i Volda. Vegbana i E39 har fått skade i form av eit søkk, og dette må utbetrast. Arbeidet må ferdigstillast før brøytesesongen då søkket vil vanskeleggjere vinterdrifta på vegen.

## 1.2 Kort om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Volda kommune, Sektor for samfunnsutvikling.

Kontaktperson hos oppdragsgjevar er:

Namn: Rasmus Bruvoll  
E-post: rasmus.bruvoll@volda.kommune.no  
Telefon: +47 414 68 434

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen via e-post.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar når det gjeld tilbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 2 OPPDRAGET

Ved krysset E39/Gamlevegen nord for Volda sentrum har det oppstått eit søkk i vegbana i E39. Det er etter inspeksjon mistanke om at skade på avløpsledning er årsaka til dette, og det er naudsynt å grave opp og skifte ut avløpsnettet ved vegen. I samband med dette må og vegbane rettast opp, og det vil truleg vere naudsynt med noko utskifting av masse i vegkropp. Søkket vil skape problem for vintervedlikehald av E39, så det er naudsynt at arbeidet ferdigstillast snarast råd, og seinast 01.11.2020.

Fig. 1: Kart over området:






Fig. 2: Bilete/teikning av eksisterande situasjon:



På bilete av området ser ein deformasjonen av vegbana, samt kum inntil vegkant. Det er ønske frå Vatn og avløp i Volda kommune å få flytta kum noko vekk frå veg då dette vil auke sikkerheit for drifts- og vedlikehaldsarbeid i kummen. Inspeksjon tyder på at mesteparten av spillvatnet i kummen kjem frå Gamlevegen/Norrdalen (Nord), og svært lite kjem frå vest. Hovudretning i kummen er vest-aust, og vatnet frå Gamlevegen kjem vinkelrett inn på denne. Det er ønskeleg å endre hovudretning i kummen til nord-sør slik at mesteparten av spillvatnet renn rett gjennom kum. (sjå fig. 3).

Tidlegare synfaring har indikert at det er leidninga som går frå kum og vestover gjennom kulvert som er grunn til at det har oppstått setningar i berelaget i vegen. Leidninga er inspisert med kamera, og det er synlege skadar i røyrveggen. Leidninga skal skiftast eller reparerast heile vegen gjennom kulverten, eventuelt leggst som isolert ledning på utsida. Arbeidet skal utførast på ein slik måte at leidninga i framtida toler belastninga trafikken på E39 påfører den.



Vegbana skal utbetrast til den standard som krevjast på denne vegstrekninga, med slitelag av SKA16. Det vil truleg vere behov for å skifte ein del masse i vegkroppen, og entreprenør må sikre at årsak til setningane avklarast og rettast. Arealet av vegbana som er naudsynt å utbetre er estimert til ca 40 m<sup>2</sup>. Dersom det viser seg å vere andre forhold enn avløpsleidinga som fører eller medverkar til setningsskadar skal entreprenør informere oppdragsgjevar og opprette dialog med Statens vegvesen snarast. Desse forholda skal i så tilfelle utbetrast ved endringsordre basert på oppgjevne einingsprisar.

Entreprenør skal prise maskiner og personell med kostnad per time. Masse, delar og utstyr som skal brukast i oppdraget skal prisast i si heilheit i eigne postar, basert på dei estimata som kjem fram i konkurransegrunnlag og synfaring. Alle einingsprisar skal oppgjevast i tilbuds brevet, som pris per time, kubikkmeter, meter eller tonn, alt etter kva som prisast. Transportkostnadar som ikkje inngår i time- eller einingsprisar førast i post for rigg og drift. Ved eventuelt tilleggsarbeid vil time- og einingsprisar frå tilbuds brev vere gjeldande.

Entreprenør skal sørge for kabelpåvising, trafikkavvikling og naudsynte løyver for å gjennomføre oppdraget. Dette, samt alle andre administrasjonskostnader skal prisast inn i post for rigg og drift.

Flytting av kum og leidningar i samband med dette skal prisast som opsjon med fast pris. Denne opsjonen nyttast berre dersom det er dekning i budsjettet for å gjere opsjonsarbeidet.

## 2.1 Atterhald om finansiering eller godkjenningar

Det vert teke atterhald om byggherren sitt endelege vedtak om oppstart. Dersom prosjektet ikkje vert finansiert eller godkjent, vil konkurransen verte avlyst. Deltakarane i konkurransen har i så fall ikkje krav på erstatning for kostnader til å utarbeide søknad, tilbod og andre kostnader som deltakarane er påført som følge av konkurransen.

## 2.2 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Påmeldingsfrist for synfaring	18.09.2020 16:00
Informasjonsmøte/synfaring	21.09.2020 12:30
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	24.09.2020 23:59
Frist for å levere tilbod	28.09.2020 11:59
Tilbudsopning	28.09.2020 12:00
Evaluering	Veke 40
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Veke 40
Karensperiode	3 arbeidsdagar
Kontraktsinngåing	Veke 41
Vedståingsfrist for tilbodet	28.12.2020
Ferdigstilling	Snarast, seinast 01.11.2020

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbudsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 3 REGLAR FOR KONKURRANSEGJENNOMFØRINGA

### 3.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med *Lov om offentlege anskaffingar* av 17. juni 2016 nr. 73 (LOA) og *Forskrift om innkjøpsreglar i forsyningssektorane* (forsyningsforskrifta) FOR-2016-08-12-975 del I. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren av grensa anbodskonkurranse jf. forsyningsforskrifta § 9-1.

Oppdragsgjevar planlegg å gjennomføre dialog gjennom forhandlingar med ein eller fleire av leverandørane som leverer tilbod i konkurransen. Forhandlingane vil kunne gjelde alle sider av tilboda. Utveljinga av kven det vil forhandlast med, vil bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir planlagt å ha forhandlingar med maksimalt 3 leverandørar.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avstå frå forhandlingar dersom forhandlingar ikkje er føremålstenleg. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomførte ved behov.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt til kontaktperson.

### 3.2 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga.

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han be om tilleggsopplysningar.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgjevar.

Alle førespurnadar i høve konkurransen skal gjerast via e-post.

## 4 GRUNNLAG FOR TILBODET

### 4.1 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av:

- Konkurranseskrivinga (dette dokumentet)
- Kontraktgrunnlaget
- Vedlegg (eiga oversikt)

### 4.2 Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget

Tilbydar oppfordrast til å ta kontakt med oppdragsgjevar i god tid før tilbudsfristens utløp dersom han finn uklarheiter, mangelfull informasjon eller forhold som tilbydar ikkje kan akseptere i konkurransegrunnlaget, slik at oppdragsgjevar får moglegheit til å vurdere om konkurransegrunnlaget bør presiserast eller endrast.

Spørsmål og kommentarar til konkurransegrunnlaget skal framstillast skriftleg via e-post før fristen som angjeven i punkt 2.2. Førespurnadar over telefon vil ikkje svarast på eller takast til følgje, og det same gjeld førespurnadar som kjem inn etter fristen. Oppdragsgjevar vil sende spørsmål og svar til alle leverandørar som er med i konkurransen. Det blir ikkje oppgjeve kven som har kome med førespurnaden. Spørsmål og svar er ein del av konkurransegrunnlaget.

### 4.3 Synfaring og informasjonsmøte

Det vil bli avhalde eit informasjonsmøte med påfølgjande synfaring i samband med konkurransen. Leverandørane oppfordrast til å gjennomgå konkurransegrunnlaget grundig før informasjonsmøtet, og eventuelt sende inn skriftlege spørsmål i god tid. Det vil og bli anledning til å stille spørsmål under møtet. Leverandørane skal delta på den påfølgjande synfaringa. Dersom ein leverandør unnlèt å delta på synfaringa vil oppdragsgjevar legge til grunn at leverandøren har same kunnskap om rammevilkåra for kontraktarbeidet som dei leverandørane som deltok på synfaringa. Det førast referat frå møtet og synfaringa som vil bli sendt til samtlege registrerte leverandørar. Referatet er ein del av konkurransegrunnlaget.

Informasjonsmøte og synfaring blir halde måndag 21.09.2020 klokka 12:30. Oppmøtestad er Ørstavegen 75 (Sanitetshuset).

**NB: Av smittevernomsyn ber vi om at maksimalt to personar frå kvart firma møter til synfaringa. Frist for å melde interesse for synfaring er fredag 18.09.2020 klokka 16:00. Dersom ingen har meldt interesse før denne fristen blir det ikkje halde synfaring.**



## 5 TILBODET

### 5.1 Tilbodets utforming

Tilbydar skal, i tillegg til utfylt prisskjema, levere tilbodsbrief via e-post som minimum inneheld følgjande opplysingar:

- Namn på førespurnad/konkurranse
- Beskriving av korleis og med kva utstyr oppdraget skal gjennomførast, samt kva tiltak som blir iverksett for trafikkavvikling og trygging av arbeidsstaden
- Firmanamn og adresse
- Organisasjonsnummer
- Namn, telefonnummer og e-postadresse til tilbydars representant
- Stadfesting på at det ikkje føreligg avvisingsgrunnar som nemnt i Forsyningsforskrifta § 20-2 (2)
- Stadfesting på at leverandør oppfyller kvalifikasjonskrav
- Namn på eventuelle underleverandørar som er nødvendige for å oppfylle kvalifikasjonskrava
- Uttømande liste over eventuelle atterhald og avvik
- Dersom tilbod er levert av ei gruppe, namn og signaturar frå samtlege firma i gruppa

Tilbodet skal leverast på norsk.

### 5.2 Tilbodets innhald

#### 5.2.1 Avvik og atterhald

Atterhald og avvik vil kunne føre til avvising. I staden for å gje tilbod med atterhald eller avvik bør tilbydarane stille spørsmål undervegs i gjennomføringa av anskaffinga.

Eventuelle atterhald og avvik skal beskrivast i tilbodsbriefet. Alle atterhald og avvik skal vere uttrykkelege, presise og eintydige og skal innehalde ei tilvising til kva punkt i konkurransegrunnlaget som ikkje er oppfylte. Tilbydar kan ikkje påberope atterhald og avvik som er beskrive på annan måte.

#### 5.2.2 Mangelfull prisutfylling

Postar som ikkje er prisa blir sett på som innkalkulert i andre postar, med mindre anna er angjeve i tilbodsbriefet eller den mangelfulle utfyllinga skuldast ein openbar feil som det ikkje er tvil om korleis skal rettast.

#### 5.2.3 Openbare feil

Dersom oppdragsgjevar blir oppmerksom på openbare feil i tilbodet, skal desse rettast dersom det ikkje er tvil korleis feilen skal rettast.

#### 5.2.4 Alternative tilbod

Det er ikkje anledning til å gje alternative tilbod. Eventuelle alternative tilbod vil difor bli behandla som tilbod med avvik frå konkurransegrunnlaget.

#### 5.2.5 Deltilbod

Det er ikkje anledning til å gje deltilbod.

### 5.3 Vedståingsfrist

Tilbudet skal vere bindande til vedståingsfrist som beskrive i tabellen i punkt 2.2.

### 5.4 Levering av tilbudet

Tilbudsfrist er angjeve i tabell i punkt 2.2.

Tilbud skal leverast elektronisk via e-post innan tilbudsfristen. Tilbud som kjem inn for seint vil bli avviste. Systemet tillèt heller ikkje å sende inn tilbud elektronisk via KGV light etter tilbudsfristens utløp.

All kommunikasjon mellom oppdragsgjevar og leverandørar skal skje skriftleg og digitalt via e-post.

Tilbudet skal vere datert og signert av ansvarleg representant.

### 5.5 Offentleglova

For allmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentlig anskaffing gjeld offentliglova. Oppdragsgjevar og dens tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang og kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve det vil vere av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. forsyningsforskrifta §§ 7-2 og 7-3, og forvaltningslova § 13.

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbud og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19.mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentliglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbud og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentliglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt taushetsplikta i lov eller i medhald av lov, jf. offentliglova § 13, jf. forvaltningslova § 13. Leverandørane skal levere ei oversikt over kva for opplysningar dei meiner er unnateke innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er friteken frå taushetsplikt i høve opplysningar som ikkje er særskild identifisert som taushetspliktige i leverandørens oppstilling.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane leverandøren har lista opp er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekte innsyn, jf. offentliglova § 29.

### 5.6 Konfidensialitet

Informasjon som partane blir kjend med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre part. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningslova, jf. lova 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt etter offentliglova, sjå punkt 5.5.

### 5.7 Tilbodskostnadar

Tilbydar dekker sjølv sine tilbodskostnadar.

## 5.8 Protokoll

Leverandørane vil på førespurnad få innsyn i anskaffingsprotokollen i samsvar med reglane i Forskrifta og Offentleglova.

## 6 KVALIFIKASJONSKRAV

### 6.1 Kvalifikasjons- og dokumentasjonskrav

Kravgruppe (A)	Kvalifikasjonskrav (B)	Dokumentasjonskrav (C)
Skatteattest	Obligatorisk.	Norske leverandører skal legge fram følgjande attest:  <b>Skatteattest for skatt og meirverdiavgift</b> (bestillast elektronisk på altinn.no).  Attesten skal ikkje vere eldre enn 6 månadar rekna frå tilbudsfristens utløp.
Eignaheit	Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<u>Norske leverandører:</u> Firmaattest  <u>Utanlandske leverandører:</u> Attestar for registrering i faglege register som bestemt ved lovgjeving i det landet leverandøren er etablert.
Krav til leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet	Leverandøren skal ha ein tilfredsstillande økonomi til å gjennomføre kontrakten. Kredittverdighet utan krav til sikkerheitsstilling vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle kravet.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Denne skal vere utført av kredittopplysingsverksemd som har konsesjon til å drive med slik verksemd.  Dersom leverandør har sakleg grunn til å ikkje legge fram den dokumentasjon oppdragsgjevar har kravd kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å legge fram andre dokument som oppdragsgjevar ser som eigna.

Kravgruppe (A)	Kvalifikasjonskrav (B)	Dokumentasjonskrav (C)
Krav til leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar	Leverandøren skal ha den nødvendige kompetansen og erfaringa til å gjennomføre kontrakten på ein tilfredsstillande måte.	<p>Beskriving av leverandøren sine 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Beskrivinga må inkludere oppdragets verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post).</p> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom beskrivinga.</p> <p>Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse hos personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p>

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å vektleggje egne erfaringar med leverandøren.

## 6.2 Stadfesting på at kvalifikasjonskrava er oppfylte

Leverandøren skal stadfeste at kvalifikasjonskrava i konkurransen, slik desse er angjeve i kolonne B i tabell i punkt 6.1, er oppfylte. Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava skal ikkje sendast inn saman med tilbodet.

Oppdragsgjevar vil etterspørje dokumentasjon som angitt i kolonne C frå valt leverandør, seinast før kontrakt signerast. Oppdragsgjevar kan kva tid som helst i konkurransen etterspørje dokumentasjon som angjeve i kolonne C frå alle deltakarar i konkurransen.

## 6.3 Tilbod frå gruppe

Dersom tilbydar består av ei gruppe med to eller fleire deltakarar (prosjekteringsgruppe, arbeidsfellesskap, mv.) skal tilbodet signerast av samtlege firma i gruppa. Kvart enkelt gruppemedlem skal oppfylle kravet til skatteattest, eignaheit og økonomisk og finansiell kapasitet. Gruppa skal i fellesskap oppfylle krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar, eventuelt ved bruk av underleverandørar.

I tilbodet skal det stadfestast at kvalifikasjonskrava i konkurransen er oppfylte. Stadfestinga vil gjelde for samtlege leverandørar i gruppa. Dokumentasjon på gruppedeltakarane si oppfylling av kvalifikasjonskrava skal ikkje leverast saman med tilbodet.

## 6.4 Stønad frå andre verksemdar

Dersom tilbydar er avhengig av å støtte seg på ein underleverandør sine kvalifikasjonar for å oppfylle eitt eller fleire tekniske eller faglege kvalifikasjonskrav, eller for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, skal det opplysast om dette i tilbods brevet.

Dokumentasjon frå underleverandøren på at han oppfyller dei aktuelle kvalifikasjonskrava skal ikkje leverast som ein del av tilbodet, men leverast seinast før kontrakt signerast.

Leverandøren må seinast før kontrakt signerast òg levere ei forpliktingsfråsegn frå underleverandørane der det stadfestast at underleverandøren vil stille til rådighet dei ressursane som leverandøren treng for å bli kvalifisert. Dersom leverandøren støttar seg på anna verksemd for å oppfylle krava til økonomisk eller finansiell kapasitet skal verksemda si forplikting av solidaransvar ovanfor leverandør gå fram av erklæringa.

Oppdragsgjevar kan kva tid som helst i konkurransen krevje å få tilsend ovannemnde informasjon.

## 7 UNDERLEVERANDØRAR OG LEVERANDØRJKJEDA

### 7.1 Maksimalt tal på ledd i leverandørkjeda

Leverandøren kan maksimalt ha 2 ledd i leverandørkjeda under seg.

### 7.2 Opplysingar om andre underleverandørar

Opplysingar om andre underleverandørar enn dei leverandøren støttar seg på for å oppfylle kvalifikasjonskrava skal gjevast i god tid før dei aktuelle arbeida igangsetjast.

## 8 TILDELING

### 8.1 Kriterium

Tildeling av kontrakten vil skje på grunnlag av tildelingskriteria som går fram i tabell under.

Dokumentasjon på at tildelingskriteria oppfyllest skal leverast saman med tilbodet.

(A) Kriterium	(B) Vekting	(C) Dokumentasjonskrav	(D) Tilbodsvedlegg
<b>Pris</b> - Fastprisar - Timeprisar	<b>60%</b> - 45% - 15%	Pris per post. Alle postar skal prisast eks. mva.	Utfylt prisskjema
Gjennomføring	20%	Beskriving av korleis entreprenør planlegg å utføre oppdraget, samt beskriving av maskiner, utstyr, trafikkavvikling og sikringstiltak.	Tilbodsbrief
Leveringstid	20%	Tidspunkt for oppstart av oppdraget, samt estimert tidsbruk til ferdigstilling.	Tilbodsbrief

Vekting av priskriterium vert for fastprisar gjort etter formelen:  $p = \frac{\text{lågaste tilbod}}{\text{eige tilbod}} \times 45$ .

Maksimal poengsum for fastprisar er 45 poeng.

Timeprisar blir vurderte for kvar kategori etter formelen  $p = \frac{\text{lågaste tilbod}}{\text{eige tilbod}} \times 5$ . Maksimal poengsum for kvar post er 5 poeng, og maksimal totalsum for timeprisar er 15 poeng.

Maksimal total poengsum for priskriteriet er 60 poeng.

Vekting for gjennomføringa av oppdraget blir fastsett av personell i Volda kommune etter vurdering av dokumentasjon på dette. Maksimal poengsum for denne posten er 20 poeng.

Vekting av leveringstid blir gjort av personell i Volda kommune der tid fram til oppstart og tid for ferdigstilling blir poenggjeve. Då dette er eit prosjekt som hastar å gjennomføre vil rask oppstart og gjennomføring gje høg poengsum. Maksimal poengsum for leveringstid er 20 poeng.

Maksimal total poengsum i konkurransen er 100 poeng.

## 9 VEDLEGG

### 1 Bilete og illustrasjonar